



22130145



International Baccalaureate®  
Baccalauréat International  
Bachillerato Internacional

**NORWEGIAN A: LITERATURE – HIGHER LEVEL – PAPER 1**  
**NORVÉGIEN A : LITTÉRATURE – NIVEAU SUPÉRIEUR – ÉPREUVE 1**  
**NORUEGO A: LITERATURA – NIVEL SUPERIOR – PRUEBA 1**

Wednesday 8 May 2013 (morning)

Mercredi 8 mai 2013 (matin)

Miércoles 8 de mayo de 2013 (mañana)

2 hours / 2 heures / 2 horas

---

**INSTRUCTIONS TO CANDIDATES**

- The Bokmål version is followed by the Nynorsk version.
- Do not open this examination paper until instructed to do so.
- Choose either the Bokmål version or the Nynorsk version.
- Write a literary commentary on one passage only.
- The maximum mark for this examination paper is *[20 marks]*.

**INSTRUCTIONS DESTINÉES AUX CANDIDATS**

- La version en Bokmål est suivie de la version en Nynorsk.
- N'ouvrez pas cette épreuve avant d'y être autorisé(e).
- Choisissez ou la version en Bokmål ou la version en Nynorsk.
- Rédigez un commentaire littéraire sur un seul des passages.
- Le nombre maximum de points pour cette épreuve d'examen est *[20 points]*.

**INSTRUCCIONES PARA LOS ALUMNOS**

- La versión en Bokmål es seguida por la versión en Nynorsk.
- No abra esta prueba hasta que se lo autoricen.
- Elija la versión en Bokmål o la versión en Nynorsk.
- Escriba un comentario literario sobre un solo pasaje.
- La puntuación máxima para esta prueba de examen es *[20 puntos]*.



NORWEGIAN A: LITERATURE –  
BOKMÅL VERSION

NORVÉGIEN A : LITTÉRATURE –  
VERSION EN BOKMÅL

NORUEGO A: LITERATURA –  
VERSIÓN EN BOKMÅL

*Skriv en litterær kommentar til **en** av de følgende tekstene:*

1.

### **Min for evig**

Når eg ser på saks. Eller den skarpaste kniven, for den saks skuld. Dei store og små skrujerna som eg kan sjå tvers gjennom veggene til reiskapsboden. Strikkepinnane, gaflane, potetskrellaren. Til og med potetskrellaren. Ikkje skeiene med sine avrunda former, tresleivene og vispane. Men alt som er skarp og blankt og ligg der så uskuldig rundt om i huset – det er det

5 eg ser, det som blenkjer mot meg kvar morgen eg trør ut av senga.

Ikkje eingong strikkegarnet er eg trygg for. Det flaskegrøne lodne, mjuke garnet i korga, så fredfullt og heimekoseleg der borte ved peisen. Inni buntane som skal bli ein praktfull genser, ligg strikkepinnane, to gråblanke spyd ligg der og ventar. Ventar på masker, rette og vrang og vridde, vise og galne og omsnudde.

10 – Kjem du heim no? spør eg, for eg veit han ikkje kan svara nektande på slikt.

Ansar ikkje dei nye luktene blanda med parfyme. Silkeskjorta. Smilet han har låst ned i stresskofferten like før han kjem inn. Ser berre dei utstrekte hendene som eg fyller med kotelettar, bakte poteter med urtesmør, asparges og til sist fruktsalat. Står her med ein fot i steikeomnen og ein i kjøleskapet. Mykje is og mykje varme. Ser på den solariumbrune halsen hans ovafor den nye silkeskjorta og tenkjer med eitt på barndommens vekebladromanan. Der HAN fekk utruskapens karmosinraude leppestift smurt utover krage eller skjortebryst, og HO fekk synda fram i dagslys, grave fram frå det mørkaste klesskap.

Karmosin – det lyder som ei strofe av ein framand song. Å kyssa eit snøkvitt skjortebryst, med karmosinraude lipper.

20 Hugsar dei lubne hjarta vi teikna overalt, i skulebøker, på do-vegger, på tapetet nedmed senga; to og to hjarte saman med ei kvass pil tvers gjennom. Pluss og er sant.

Eg lagar eit telt av aviser og trer nedover hovudet hans, passar meg for ikkje å øydeleggja det sirlege, tilbakestroknne – Ja. Han blir yngre og yngre. Nesten som sonen min, viss eg hadde hatt ein son.

25 – Skal vi snakka om hausten? spør eg, – eller sukkerprisane, Midt-Austen-konflikten?

– Bensinen skal stiga igjen!

– Gravferda til far din var ein farse. Søstrene dine stod der og svaia i heksekåpene sine, gjøymde dei kvasse neglene –

– Skattelette! Hah! Det står her ...

30 – Eg hørerde henne le i går natt. Som jordbærdrops. Eg visste ikkje at ho har flytta inn ...?

Han er så vakker når han har lukka ansiktet sitt. Trykksverte kler han. Den brungule fuglen hakkar på vindauge igjen, eg veit ikkje kvifor den så gjerne vil komma inn hit. Den har slikt eit svart og spist nebb. Stundom held den meg vaken nattestid, jagar meg frå vegg til vegg, frå spegel til spegel. Den fjørbrusaren!

35 Med ikkje i går natt. Då var det latteren som eg ikkje kunne sova i frå. Som jordbærdrops. Harde, søte drops midt mellom augene. *Han* lo som knuste lyspærer, men han lurte ikkje meg likevel.

I gode og vonde. I rette og vrange.

Presten var svart og fotsid og skrudd saman opp med ein kvit skrue. Hovudet duva på  
40 den kvite rundinga, fylt til randa av salmar, bibelord og ritual. I gode og vonde, til dauden skil.  
Brudgommen snubla og hengde seg fast i sløret mitt, spindelvevsløret.

Kjærighet fra Gud, song dei ikring oss, ansikta som små skjel lyste mot oss frå benkeradene,  
salmenumra på veggtavla var magiske trylleformular i dei blafrande stearinflammane.

Orda rann i seige pastellstrimlar etter oss ned golvet. Vil du lova å elska og elska og elska –  
45 Ikkje ein flekk på den kvite skjorta, ikkje ein einaste. Han var så mykje eldre før. Famlande,  
mjuke lipper, usikkert oldingbarneblikk.

No har han fortært heile måltidet og alle overskriftene i avisene. Eg tenkjer på eitt eller anna  
lite drama eg kan varta opp med til dessert, men blir så distrahert av ansiktet hans som er dekka  
av lag på lag av eitkvart eg ikkje får tak i.

50 – I kveld må du vera tidleg heime, seier eg, sjølv om det slett ikkje var det eg hadde  
tenkt å seja.

Han skubbar ansiktet mitt til sides – eitkvart uryddig som står i vegen, og mjuke skinnsko  
med harde solar trør over meg. Tilfeldig. – Skal vi snakka om – seier eg, men han kvesser  
55 blikket mot noko utafor døra og verar som ein jakthund. Kjenner ei blank lukt av nøklar sjølv om  
ingenting er låst. Og snur meg fort vekk frå desse skinande reiskapane som blinkar til meg frå  
kvar ei krå.

Frakken hans. Kamelhårs. Eg trer den innpå han, han held armane ut frå sidene som  
eit barn. Eg brettar kraga opp, børstar av skuldrene. Litt kaldt i kveld, er det ikkje – hausten ...

60 Han rykkjer i halsreima, ein lysraud tungespiss i munnvika, pustar. Eg losnar grepet, og han  
er som lynet borte ved døra. Han er nesten aldri heime lengre, berre innom.

Solfrid Sivertsen, *Bak glaset* (1991)

## 2.

- ALT DETTE skal begynne en gang til  
 den boken jeg gikk rundt med og leste i  
 skal bli lest av en annen. For første gang  
 skal noen lære å telle til ti, og så til hundre
- 5   og noen skal lære dagene og dermed lære seg at  
 fredag er den beste dagen og søndag den verste  
 fordi søndag er den dagen du bare venter på mandag  
 og mandag til torsdag kan ingen regne ordentlig med  
 som jobber hele dagen og sitter i en stol om kvelden
- 10   Men alt dette skal likevel begynne på nytt:  
 noen skal sitte på trappa i det skvetne lyset  
 og prøve å skrive et lite dikt på en lapp  
 og noen skal lære seg å sykle,  
 og noen skal lese at universet utvider seg
- 15   og om soler som bare fortsetter å eksplodere  
 og noen skal lese gammelhebraisk og ornitologi  
 og gå ute om kveldene med hendene i jakkelomma  
 og vite at de skal dø, men ikke ennå  
 først skal en annen bli forelsket i dem, forhåpentligvis,
- 20   og så skal noen gå fra dem, men ikke ennå  
 fordi alt dette skal begynne en gang til: noen skal lese  
 Pablo Neruda for første gang, og Osip Mandelstam  
 og Bertholt Brecht, noen skal lese Wislawa Szymborska\*  
 og noen skal oppdage hvor mange vi er som lever i verden
- 25   og plutselig vite at hver eneste av oss er et individ  
 selv om det ikke er individualisme nok til alle  
 og selv om det ikke er sant at alle mennesker  
 er like mye verdt skal noen lære det og tro på det  
 helt til det ikke er mulig å tro på det lenger
- 30   fordi det ikke ser ut til å være sant  
 fordi det ikke ser ut til å la seg gjøre  
 selv om ingenting annet er mulig å tro uten at mørket  
 strømmer oppover i etasjene  
 og at mørket en dag når opp til føttene dine
- 35   og at du en dag vasser i det og får det på hendene  
 og brøler i mørke og drikker mørke, ikke fordi du er tørst  
 men fordi det ikke finnes noe annet, og fordi det gamle  
 flekkete lyset som fantes ikke var tilstrekkelig til alle  
 var det ikke sånn? men alt dette skal bli gjentatt av en annen
- 40   og lyset skyter uopphørlig gjennom 300.000 kilometers  
 mørke og bruker kortere tid enn en mager katt på å finne deg  
 der du står og prøver å finne nøklene i lommene på jakka  
 og alt som skjer deg skjer enten du tror det er sant eller ikke

Geir Gulliksen, *Se på meg nå* (2005)

---

\* Neruda, Mandelstam, Brecht og Szymborska: berømte forfattere

NORWEGIAN A: LITERATURE –  
NYNORSK VERSION

NORVÉGIEN A : LITTÉRATURE –  
VERSION EN NYNORSK

NORUEGO A: LITERATURA –  
VERSIÓN EN NYNORSK

*Skriv ein litterær kommentar til **ein** av dei følgjande tekstane:*

1.

### **Min for evig**

Når eg ser på sakså. Eller den skarpaste kniven, for den saks skuld. Dei store og små skrujerna som eg kan sjå tvers gjennom veggene til reiskapsboden. Strikkepinnane, gaflane, potetskrellaren. Til og med potetskrellaren. Ikkje skeiene med sine avrunda former, tresleivene og vispane. Men alt som er skarp og blankt og ligg der så uskuldig rundt om i huset – det er det

5 eg ser, det som blenkjer mot meg kvar morgen eg trør ut av senga.

Ikkje eingong strikkegarnet er eg trygg for. Det flaskegrøne lodne, mjuke garnet i korga, så fredfullt og heimekoseleg der borte ved peisen. Inni buntane som skal bli ein praktfull genser, ligg strikkepinnane, to gråblanke spyd ligg der og ventar. Ventar på masker, rette og vrang og vridde, vise og galne og omsnudde.

10 – Kjem du heim no? spør eg, for eg veit han ikkje kan svara nektande på slikt.

Ansar ikkje dei nye luktene blanda med parfyme. Silkeskjorta. Smilet han har låst ned i stresskofferten like før han kjem inn. Ser berre dei utstrekte hendene som eg fyller med kotelettar, bakte poteter med urtesmør, asparges og til sist fruktsalat. Står her med ein fot i steikeomnen og ein i kjøleskapet. Mykje is og mykje varme. Ser på den solariumbrune halsen hans ovafor den nye silkeskjorta og tenkjer med eitt på barndommens vekebladromanan. Der HAN fekk utruskapens karmosinraude leppestift smurt utover krage eller skjortebryst, og HO fekk synda fram i dagslys, grave fram frå det mørkaste klesskap.

Karmosin – det lyder som ei strofe av ein framand song. Å kyssa eit snøkvitt skjortebryst, med karmosinraude lipper.

20 Hugsar dei lubne hjarta vi teikna overalt, i skulebøker, på do-vegger, på tapetet nedmed senga; to og to hjarte saman med ei kvass pil tvers gjennom. Pluss og er sant.

Eg lagar eit telt av aviser og trer nedover hovudet hans, passar meg for ikkje å øydeleggja det sirlege, tilbakestroknne – Ja. Han blir yngre og yngre. Nesten som sonen min, viss eg hadde hatt ein son.

25 – Skal vi snakka om hausten? spør eg, – eller sukkerprisane, Midt-Austen-konflikten?

– Bensinen skal stiga igjen!

– Gravferda til far din var ein farse. Søstrene dine stod der og svaia i heksekåpene sine, gjøymde dei kvasse neglene –

– Skattelette! Hah! Det står her ...

30 – Eg hørerde henne le i går natt. Som jordbærdrops. Eg visste ikkje at ho har flytta inn ...?

Han er så vakker når han har lukka ansiktet sitt. Trykksverte kler han. Den brungule fuglen hakkar på vindauge igjen, eg veit ikkje kvifor den så gjerne vil komma inn hit. Den har slikt eit svart og spist nebb. Stundom held den meg vaken nattestid, jagar meg frå vegg til vegg, frå spegel til spegel. Den fjørbrusaren!

35 Med ikkje i går natt. Då var det latteren som eg ikkje kunne sova i frå. Som jordbærdrops. Harde, søte drops midt mellom augene. *Han* lo som knuste lyspærer, men han lurte ikkje meg likevel.

I gode og vonde. I rette og vrange.

40 Presten var svart og fotsid og skrudd saman opp med ein kvit skrue. Hovudet duva på den kvite rundinga, fylt til randa av salmar, bibelord og ritual. I gode og vonde, til dauden skil. Brudgommen snubla og hengde seg fast i sløret mitt, spindelvevsløret.

Kjærighet fra Gud, song dei ikring oss, ansikta som små skjel lyste mot oss frå benkeradene, salmenumra på veggtavla var magiske trylleformular i dei blafrande stearinflammane.

45 Orda rann i seige pastellstrimlar etter oss ned golvet. Vil du lova å elska og elska og elska – Ikkje ein flekk på den kvite skjorta, ikkje ein einaste. Han var så mykje eldre før. Famlande, mjuke lipper, usikkert oldingbarneblikk.

No har han fortært heile måltidet og alle overskriftene i avisene. Eg tenkjer på eitt eller anna lite drama eg kan varta opp med til dessert, men blir så distrahert av ansiktet hans som er dekka av lag på lag av eitkvart eg ikkje får tak i.

50 – I kveld må du vera tidleg heime, seier eg, sjølv om det slett ikkje var det eg hadde tenkt å seja.

Han skubbar ansiktet mitt til sides – eitkvart uryddig som står i vegen, og mjuke skinnsko med harde solar trør over meg. Tilfeldig. – Skal vi snakka om – seier eg, men han kvesser blikket mot noko utafor døra og verar som ein jakthund. Kjenner ei blank lukt av nøklar sjølv om ingenting er låst. Og snur meg fort vekk frå desse skinande reiskapane som blinkar til meg frå kvar ei krå.

Frakken hans. Kamelhårs. Eg trer den innpå han, han held armane ut frå sidene som eit barn. Eg brettar kraga opp, børstar av skuldrene. Litt kaldt i kveld, er det ikkje – hausten ...

60 Han rykkjer i halsreima, ein lysraud tungespiss i munnvika, pustar. Eg losnar grepet, og han er som lynet borte ved døra. Han er nesten aldri heime lengre, berre innom.

Solfrid Sivertsen, *Bak glaset* (1991)

## 2.

- ALT DETTE skal begynne en gang til  
den boken jeg gikk rundt med og leste i  
skal bli lest av en annen. For første gang  
skal noen lære å telle til ti, og så til hundre
- 5   og noen skal lære dagene og dermed lære seg at  
fredag er den beste dagen og søndag den verste  
fordi søndag er den dagen du bare venter på mandag  
og mandag til torsdag kan ingen regne ordentlig med  
som jobber hele dagen og sitter i en stol om kvelden
- 10   Men alt dette skal likevel begynne på nytt:  
noen skal sitte på trappa i det skvetne lyset  
og prøve å skrive et lite dikt på en lapp  
og noen skal lære seg å sykle,  
og noen skal lese at universet utvider seg
- 15   og om soler som bare fortsetter å eksplodere  
og noen skal lese gammelhebraisk og ornitologi  
og gå ute om kveldene med hendene i jakkelomma  
og vite at de skal dø, men ikke ennå  
først skal en annen bli forelsket i dem, forhåpentligvis,
- 20   og så skal noen gå fra dem, men ikke ennå  
fordi alt dette skal begynne en gang til: noen skal lese  
Pablo Neruda for første gang, og Osip Mandelstam  
og Bertholt Brecht, noen skal lese Wislawa Szymborska\*  
og noen skal oppdage hvor mange vi er som lever i verden
- 25   og plutselig vite at hver eneste av oss er et individ  
selv om det ikke er individualisme nok til alle  
og selv om det ikke er sant at alle mennesker  
er like mye verdt skal noen lære det og tro på det  
helt til det ikke er mulig å tro på det lenger
- 30   fordi det ikke ser ut til å være sant  
fordi det ikke ser ut til å la seg gjøre  
selv om ingenting annet er mulig å tro uten at mørket  
strømmer oppover i etasjene  
og at mørket en dag når opp til føttene dine
- 35   og at du en dag vasser i det og får det på hendene  
og brøler i mørke og drikker mørke, ikke fordi du er tørst  
men fordi det ikke finnes noe annet, og fordi det gamle  
flekkete lyset som fantes ikke var tilstrekkelig til alle  
var det ikke sånn? men alt dette skal bli gjentatt av en annen
- 40   og lyset skyter uopphørlig gjennom 300.000 kilometers  
mørke og bruker kortere tid enn en mager katt på å finne deg  
der du står og prøver å finne nøklene i lommene på jakka  
og alt som skjer deg skjer enten du tror det er sant eller ikke

Geir Gulliksen, *Se på meg nå* (2005)

---

\* Neruda, Mandelstam, Brecht og Szymborska: berømte forfattere